

Nyttige namn og nummer


**Lokallag**  
 Begnaljom spel- og dansarlag  
 Emdal spel- og dansarlag  
 Valdreskvelven spel- og dansarlag  
 Valdreslaget i Oslo  
 V. Slidre folkemusikk- og danselag  
 Vårflaumen spel- og dansarlag  
 Øystre Slidre spel- og dansarlag  
**Valdres folkemusikklag**  
 Leiar  
 Lat o' Link, redaktør  
 VFAS, -styrelseleiar  
 - dagleg leiar,  
 - vikar for dagleg leiar  
 - medarbeidar  
 "Lea de" - kontakt  
**Andre**  
 Valdres folkemusikkarkiv  
 Instrumentverkstaden  
 "Folkemusikk" - redaktør  
 FolkOrg, dagleg leiar  
 Austnorsk folkemusikkssenter

**Leiar/kontaktperson**  
 Tor Morten Røhr 61 34 63 35  
 Bergljot Hedda Lunde  
 Ivar K. Hemsing 61 36 74 02  
 Heidi Eck  
 Randi Før 61 34 42 10  
 Oddrun Hegge 61 60 33 57  
 Magne Olav Selland  
**Leiar/kontaktperson**  
 Ivar K Hemsing 61 36 74 02  
 Kjell Bakken 61 36 73 67  
 Anita Nodland  
 Solveig Hårdnes 61 36 46 71 (a)  
 Gudrun Folkedal 61 36 46 71 (a)  
 Ine Solvin 61 36 46 71 (a)  
 Stian Roland 907 22 690

**Telefon**  
 913 34 985  
 990 37 541  
 481 28 610  
 402 30 165  
 915 77 695  
 971 76 868  
 934 19 294  
**Mobiletelefon**  
 913 34 985  
 990 37 541  
 481 28 610  
 481 28 610  
 61 36 73 67  
 61 36 46 71 (a)  
 975 27 812  
 922 36 162  
 907 22 690

**E-post**  
 tormvohr@hottmail.com  
 bhedda@hottmail.com  
 hemsing@c2i.net  
 heidi.eck@gmail.com  
 randfoer@online.no  
 audun.bratrud@n2u.no  
 magneolavselland@hottmail.com  
 hemsing@c2i.net  
 komb@online.no  
 post@hime.no  
 post@hime.no  
 leiar@strunkeveko.no  
 stian.roland@hf.ntnu.no  
 elisabeth.kvaerne@valdres.museum.no  
 knut.opheimsbakken@valdres.museum.no  
 linda@folkemusikk.no  
 knut@folkemusikk.no  
 bhemsing@online.no

# B



# LAT O' LINK

Nummer 3  
 Oktober 2010  
 Årgang 20



*Vestre Slidre folkemusikk- og danselag har vore på ein fin tur til Calgary. Her ser vi «spellemannslaget» med kunnshaldar Tore Bolstad i spissen. Foto Nils Rogn*

- Les meir om turen til Cananda
- Leiaren er særers munter denne gongen,
- og det er planlagt stor folkemusikkaktivitet i Valdres utover hausten,
- så bla opp i låt o' Link og les!

## LEIARENS MUNTRE HJØRNE

Ikke nokon lett jobb dette her nei, det følest mykje vanskelegare å laga ein god leiari i Låt o Link enn å ha styremøter og gjera ein jobb med folkemusikklaget. Det føregår so mykje denne hausten, veit mest kji om eg har tid til å vera med på aktivitetane, prøver berre halde oversikt og få andre til å gjera arbeidet.

Sjølvsit eg og lagar Jul i Valdres denne tida, i tillegg var eg så glup å melde meg på Tradisjonskunnskap i folkedans. Vi lærer om dansen og musikken med utgangspunkt i dansarkivet og forskinga ved Rff – senteret / NTNUI i Trondheim. Dette er nokre få helgesamlingar i haust og utover vinteren samt ein del heimearbeid, ein eksamen no før jul og ein til våren. Høyrest greit ut alt saman, trudde til og med eg visste kva ei langhelg er, men har no fått eit nytt syn på den tingen – helgesamlinga i Trondheim gjekk frå torsdag kl 16.00 til måndag kl 18.00.

Det heile minner litt om historia med Skotten som likte godt folkemusikk og var i Norge på kappleik. Langt på natt var ein av våre utøvarar på fele i god dialog med denne Skotten, og spurde så om han ville ha ein hivers - eit lite glas. Nei, nei, nei ellersch takk, svara Skotten, meinte eg var van med to-tre scheidelar for ein kveld, men her i landet kjemmer eg eit glassch er nok. Råka på ein Valdrespelemann i gårkveld og han hadde med noko han kalla Norgesglas. Trudde aldri eg skulle klare tørne eitt slikt eg.

Kun ein ting eg er heilt sikker på: folkedans/musikk er både skjemt og alvor.

Valdres folkemusikkarrangement AS og Valdres folkemusikklag har nett hatt eigarmøte og ekstraordinær generalforsamling. Svein Erik Hilmen hadde med tanke på neste års Strunkeveko og JH, samt politisk situasjon og valgkamp fremma tanken at ny styreleiar i VFAS burde koma no, han spurde om å få gå av. Vfl fann ingen grunn til å nekte dette. Bakgrunnen for spørsmålet var nok Vfl som eigar sin presisering på generalforsamlinga i vår: ny styreleiar blir vald på generalforsamling, men tiltar fyrst etter at JH og Strunkeveko er gjennomført.

Etter ein del telefonar enda vi opp med ny styreleiar i VFAS, eit ubeskrevet blad i våre rekker, men med godt skussmål frå folk som kjemmer henne i jobbsammenheng. – Ho heiter Anita Nodland, tidlegare Roland, og seier ho gleder seg til å ta fatt.

Seinare i haust skal vi ha eigarmøte der vi bla. tenkjer på neste års JH-stemme og Strunkeveko, prøve finne felles tankar for utviklinga framover. I eit slikt møte vil Vfl gjerne ha med medlemmer frå lokallaga. Orientering kjem seinare på e-post.

Til sist ein liten tanke om arbeidet framover, at Vfl-styrets varamedlemmer blir meir enn berre vara. Dei får kanskje sine faste oppgåver og hjelper styret med gjennomføring av aktivitetar. Dette må dei naturlegvis kjemne til før dei seier ja til vervet.

Sjåast på konsertar, møter, øvingar og anna utover hausten og vinteren.

Mvh Ivar k Hemsing

### LÅT O LINK


Låt o Link er eit fritstående folkemusikktidskrift og meldingsblad for Valdres folkemusikklag. Idear, ei god historie eller anna stoff, kan du sende til [post@valdresfolkemusikklag.no](mailto:post@valdresfolkemusikklag.no) eller til Valdres folkemusikklag, Tynnvegen 27, 2900 Fagernes. Merk e-postane eller konvoluttane med «Låt o Link». Opplag: 450.

### Laurdag 16. oktober

- 09.15 Egit Bakka. Masurkformer i norsk runddanstradisjon.
- 10.15 Norske rundansformer i praksis ved Sitan Roland og Siri Møeland.
- 15.20 Gro Marie Svidal. Godt dansespel kva er det?
- 20.00 **Konsert med Jan Beitoaugen Granli.** Etter konserten blir det dans med spel frå Per Anders Buen Garrås, Jan Beitoaugen Granli, Glås-Tås mjl.

### Sundag 17. oktober

- 10.15 Sitan Roland og Live Karin Liaskar. Grunnlagstrening i norsk folkedans.
- 11.15 Ingar Ranheim. Prinsipp kring tvinging i dans og diverse former for framsyning.



MJØLKAR KYRENE DINE DÅRLEG?  
KJØP JUBILEUMS-DVDEN OG DU VIL SJÅ  
AT MJØLKA STRØYMER!  
[post@hime.no](mailto:post@hime.no)

# FORELESINGAR OM FOLKEDANS PÅ VALDRES FOLKEMUSEUM



13. – 17. oktober blir det kvar dag forelesingar om folkedans på Valdres Folkemuseum ved Egil Bakka, Siri Mæland, Live Karin Liaskar, Ingar Ranheim, Jan Petter Blom, Stian Roland, Gro Marie Svidal mfl. Bakgrunnen for dette heile er at Valdresmusea AS samarbeidar med RfF-senteret og dansevitenskap ved NTNU om å kjøre den andre av totalt seks studiesamlingar på studiet «Tradisjonskunnskap folkedans I og II».

Forelesingane er opne for publikum og dette blir eit unikt høve til fordjupning i norske rundans- og bygdedanstradisjonar med utgangspunkt i dansearkivet og forskningen ved RfF-senteret. Undervisningen skjer ved arbeid med film og nedtegninger, forelesningar og praktisk dansarbeid.

## Program:

### Onsdag 13. oktober

- 09.15 Ingar Ranheim. Dansetradisjonar frå Valdres og Hallingdal
- 11.15 Ingar Ranheim. Halling/lausdansstradisjon i Noreg.
- 14.30 Live Karin Liaskar. Dansetradisjonar frå Nordfjord, Sunnmøre, Romsdal og Nordmøre.
- 18.00 Jan Petter Blom. Forholder mellom dansen og musikken i norske bygdedansstradisjonar.

### Torsdag 14. oktober

- 09.15 Egil Bakka. Dansetradisjonar med udelt takt. Vestlandet m.m.
- 11.15 Egil Bakka. Dansar i todelt takt gangar, bonde, parhalling mfl.
- 14.30 Stian Roland. Dansetradisjonar frå Gudbrandsdalen og Østerdalen.
- 15.20 Stian Roland og Live Karin Liaskar. Grunnleggstrening i norsk folkedans.
- 19.00 Helge Gudheim. Ysterradisjonar frå Valdres.

### Freldag 15. oktober

- 09.15 Egil Bakka. Polkaformer i norsk runddansstradisjon.
- 11.15 Egil Bakka. Reinlenderformer i norsk runddansstradisjon.
- 19.00 Egil Bakka, Stian Roland og Hege Manheim og bygdedansstradisjonar frå Telemark. Teori og praksis.

# VESTRE SLIDRE FOLKEMUSIKK- OG DANSELAG I CALGARY 11. - 20. SEPTEMBER 2010

Møtet med Calgary og Nordic FolkDance society var ei svært positiv oppleving. Me vart hjarteleg tekne imot på flyplassen der det var ordna med «VIP-rom», servering og informasjon. Me vart innkvarterte privat, nokon budde hjå norskstalande, andre hjå engelsktalande. Alle var ualminneleg trivelege og hjelpsame.



Dagen etter møttest me for å ha to fram-syningar av programmet vårt på ein stor stemneplass for hesteinteresserte, noko dei fleste i Calgary er. Hovudattraksjonen var eit internasjonalt hinderløp for

Kursa og konsertane vart halde i Skandinaviske senter i Calgary  
Foto Nils Rogn

hestar med delakarar frå Europa, Sør-Amerika og Nord-Amerika, ein årleg seanse i september. Store hallar med salsboder, matboder av ulike slag og tusenvis menneske prega området. Ein spesiell plass for oss valdrisar, og programmet vart vel motteke.



Heile den norske gjengen. Foto Nils Rogn

Måndag var fridag. Dei fleste nytta høvet til å ta ein tur til sentrum som har mange høghus med spennande arkitektur, museum, teaterbygningar og eit vakkert parkområde. Ryddig, ordentlig og fritt for søppel. Og ikkje minst, det bugna av blomster. Fleire nytta høvet til handletur.

Tysdag var sett av til fjelltur. Me reiste inn til Banff nasjonalpark i dei kanadiske Rocky Mountains, - eit par timars kjøretur vest for Calgary. Dette er den eldste nasjonalparken i Canada (frå 1885). Parken inneheld storslått natur med alpint landskap, spektakulære snøkledded toppar på rundt 3000m, isbrear, med tett barskog og rikt dyre- og planteliv.

Ret utranfor tettstaden Banff ligg Banff Springs Hotel, eit av dei mest store/le hotella i verda - ferdig bygd i 1888. Fjellsida bak hotellet er rik på svovelhaldige varmekjelder. Desse var bagerunnen for at nasjonalparken i si tid vart oppretta. Stor attraksjon er bassenget med varmt vatn som kjem rett frå grunnen. Ein del av gruppa lot seg friste og begeistrte av eit bad i det svovelhaldige vatnet som held ein temperatur på omlag 38 gr. C.

Fire av reisefylgjet reiste vidare inn til Lake Louise. Ein overmåte vakker ovalforma innsjø, omgjeven av fjell på tre kanar. Det høgste fjellet, Mt. Victoria (3464m) reit i bakgrunnen for innsjøen, munnar ut i ein isbre nesten ned til vatnet. Fjella på sidene har grøne, skogkleddel ljer som endar i snøkledded toppar. Ei openberrig!

Om kvelden var alle inviterte til middag hjå Mark og Leslie Ellestad, foreldra til Laura. Nydeleg og rikeleg mat til minst tretti munnar.

Der var hustrum til åtte instruktørar og kursdeltakarar, i tillegg hadde Mark ansvar for mykje kursverksemda, og Laura sytte for speling frå morgon til kveld. Imponerande!

Onsdag vitja me ei dagsenter for kreftpasientar med spel og dans. Ei veldig framysning i spesielle omgjevnader. Om ettermiddagen møttest me i Scandinavian Center der me saman med instruktørane øvde til felles konsertprogram for kvelden. Innslaga var: Spel på langeleik, munnharpe, hardingfele og torader. Dans: Springar, lagdags og med to fylgje. Bonde, Korsdans og Laus. Programmet vekte ågaum.

Torsdag starta kursverksemda som gjekk resten av veka frå tidleg morgon til sein kveld. Deltakarane kom frå Calgary, ulke stader elles i Canada, og nokre kom frå USA. Ja, heilt frå San Fransisco. Ungdomar og folk godt opp i åra var med. Antalet var mellom tretti og førti. Nokon deltok både i dans og spel, andre berre i ein disiplin. Det vart primaært undervise i Valdresspringar, men me fekk òra av å lære bort Korsdansen. I tillegg var det litt runddans av ulikt slag, litt folkeweiseleik og polonese. Oppgåva til laget vårt var å danse saman med kursdeltakarane slik at dei lettare kunne tileigne seg dansen. Me fekk servert lunsj og middag



*Primus motor Mark Ellestad med kona Leslie og dottera Laura.*

*Foto Nils Rogn*

Vi håpar publikum og spelemenn sluttar opp om denne feiringa av hardingfeletradisjonane i Valdres!

### *23. oktober: Yngretreff, Øsus*

Dette er eit godt innarbeidd tilbod til yngre utøvarar, miljøskapande, inspirerande og mangfaldig.

Efter mange år med Skrautvål skule som base, vil ein denne gongen bruke Øystre Slidre Ungdomsskule. Det er tilbod om instruksjon i dans, song, hardingfele, torader, langeleik, og nytt i år - munnhørpe.

Der er Vårhaumen og Øystre Slidre som står som praktisk arrangør, men **ein oppmodar alle lag** om å sende sine unge utøvarar for å knye venskapsband over skigarden og treffe nye instruktørar å tøyje nivået sitt etter. Eiga brosjyre vil gå ut til elevar i kulturskulane når instruktørkorset er klart, men ta gjerne kontakt med «plan-nemndax»: Kristin F. Moe, tlf. 97043746, Ingrid Lingås Fossum 95121960 eller Gudrun Folkedal 97527812 for fleire opplysningar om innhaldet i kurset. Gratis for medlemmer. Sjå òg annonse i avisa Valdres 9. okt.

### *13. november: TRILLER TIL ÅSVANG*

Valdreskvelven spel- og dansarlag skipar til konsert med **den svenske folkemusikkgruppa Triller på Åsvang laurdag 13. november**, eit samarbeid med Vang kommune. Etter konserten blir det matservering, sal av rjunnegraut og spekjimat, og dans til «uti dei små timar».

Me har vel fått gjort unna både elgjakta, eplegravsten og rakfiskfestivalen til då, så difor håpar me at folk vil ta turen til Vang, til ein triveleg kveld med god musikk å høyre på og godt danselæte.

Styret i Valdreskvelven vil også nytte høvet til å gjera litt ekstra stas på alle som jobba og dermed gjorde ein flott innsats for å få Valdreskapleiken vel i hamn, altså eit lite etterpålåg! **Felegruppa i Valdreskvelven med gode forsterkningar**, tek seg av dansemusikken. **Triller** hiv seg også inn i dansespelet!

**Velkommen!**

For dei som ikkje kjemner den svenske Triller kan me opplyse at gruppa består av:

Pontus Estling - Klarinetter, munnspeil Erik Ronström - Gitarer  
Jens Linell - Tamburin, trommor Kersiti Johansson - Fiol

Sjå gjerne [www.myspace.com/trillerfolk](http://www.myspace.com/trillerfolk)

### *18. november: Konsert med unge utøvarar, museet*

Nybygget på museet blir torsdag 18. november arenaen for konsert med unge utøvarar i Nord-Aurdal. Konserten er eit ledd i Kulturlaupaen i kommunen. Dei fleste er naturleg nok tilknytt kulturskulen, men ikkje alle er det, begrepet ung er tøyeleg. Her vonar ein å syne perspektiv, framtidsvon, laga ei ramme som forankrar det i tradisjon og tenkje litt pedagogisk i høve ungt publikum og foreldre som kanskje er litt ukjende i terrenget. Museumskafeen syrgjer for at mat er å få kjøpt.

Sjå annonse etterkvart, og faldaren for Kulturlaupaen som kommunen gjev ut. Velkomne!

Arr. Vårflaumen spel- og dansarlag.

# DET SKJER

*Austnorsk Folkemusikkcenter melder:*

**13-17. oktober:** Forelesingar om folkedans i regi av RfF, oppe for publikum. Kontakt Valdresmusca for nærare opplysningar om programmet.

**16. okt.:** **Konsert** med Jan B. Granli kl 20.00 på Valdres Folkemuseum, i samband med RfF-seminar.

Konseren blir arrangert som eit samarbeid mellom Valdres folkemuseum og Austnorsk folkemusikkcenter.

**22.-23. okt.:** **Seminar**, Arrangør: Austnorsk folkemusikkcenter og Rymnisk kompetansenetverk på Auslandet.

**22. oktober kl 20.00 konsert** med Karl Seglem trio i Festsalen, nybygget på museet. Inngangspengar.

Seminarret begynner fredag 22. okt og er gratis og oppe for alle som har interesse for etablering og drift av konsertscener.

Påmelding på førehand til Bente, [bhemsing@online.no](mailto:bhemsing@online.no), tlf 971 52445

## **29. oktober: Konserert heidrar 5 hundreåringar**

I år er det 100 år sidan Ola Grilhamar (Vang), Torgeir Bolstad (Øystre Slidre), Olav Hegge (Øystre Slidre/Nord-Aurdal), Harald Fylken og Ola Bøe (Vestre Slidre), - fem store spellemenn vart fødde i Valdres.

Valdres folke-musikkarkiv og Valdres folkemusikklag ønskjer å markere dette med ein jubileumskonsert i peisestogo i nybygget på Valdres Folkemuseum fredag 29. oktober.

Til konserten er spellemenn i ulike aldrar invitere til å spela låttar i form etter jublantane. På

det viset får vi fram breidda og mangfaldet i hardingfelespelet i Valdres.

I tillegg vil vi spela korte arkivopptak av dei jubilerande spellemennene. Kan hende vil nokre lokallag stille med spellemannslag? Ei lita, men effektiv nemnd, tek hand om planlegginga: Magne Olav Seland frå Valdres folkemusikklag, Elisabeth Kverne frå folkemusikkarkivet,

speleleiar Jan

Beitohaugen Granli, i tillegg til Ole Aastad

Bråten og Sian Roland, som jobbar med formidling på Valdresmusca!  
12



*Siste års mottakar av Haldor Røynes ærespris, Jan Arne Sebuodegard, i fn kommunikasjon med Torgeir Bolstad som i år ville ha fylt 100 år*

**KJØP JUBILEUMS-DYDEN NO!**  
TRE TIMAR MED FANTASTISKE HØGDEPUNKT  
OG UNIKE ARKIVOPPTAK FRÅ  
50 ÅR MED JØRN HILME-STEMNET.  
DOBBEL DVD: KUN 300 KR.  
[post@hime.no](mailto:post@hime.no)

på huset, og det var dans utover kvelden etter at kurset var slutt. Det vart etter måten lange og intense dagar, men det var høve til å ta avbrekk om ikkje alle gjorde det samstundes.

Dansinstruktørane Hilde Rudi Bråten og Mikkel Thompson imponerte stort i måten dei underviste på, i trott (uthaldenheit) og energi. Det var mange pedagogiske tips å ta med seg for nye instruktørar.

Laurdag kveld var det festmiddag, takketalar, overrekking av gåver og framsyning på nytt både avinstruktørane og kursdeltakarane. Det var alle fine innslag. Langeleikgruppa framførde Valdressongen i tonar og ord. Det gjorde spesielt inntrykk.

Kursverksemda vart avrunda sundag føremiddag, same dag som me returnerte til Noreg. Alle følte på kroppen dei lange dagane fulle med dans, men ikkje minst følte me hugnad og takksemd for alt me hadde opplevd: Samveret med dei einestående menneska i Nordic FolkDance Society som ikkje visste kva godt dei kunne gjera for oss, og som dag etter dag med same gode humør sytte for oss med hustrøm, mat og skys. Naturopplevinga i Banff og Lake Louise. Samhaldet og den gode tonen me hadde inna laget vårt. Dei gode replikkane og latteren rundt borda. Alle dei trivelige kursdeltakarane som med energi og tolmmod gjekk inn for å lære og til slutt men ikkje minst, vissa om å ha vore med på ei viktig oppgåve: Målbera og lære bort dans og spel i valdrestradisjon.

Eit minne for livet!

Randi Før



*Tore Bolstad lærer bort Valdresspel. Foto Nils Rogn*

# LANGLEIK OG MUNNHØRPEFESTIVALEN 2010

## VELLUKKA FESTIVALHELG.

Helga 24.-26. september vart verdens fyrste munnharpe-og langleikfestival arrangert på museet på Fagernes. Det er fyrste gongen dei to instrumenta sette kvarandre stemme på denne måten, og etter tilbakemeldingane å dømme blir det ikkje den siste. Det nystartata Norsk langleikforum og dei drevene karane i Norsk munnharpeforum utfylte kvarandre på ein god måte.

Elisabeth Kværne, Stian Roland og Ole Aastad Bråten hadde sett opp ei fin utstilling av harper, langleikar og dansedokker i peisestova, ein video frå tidlegare festivalar surra og gjekk og det var sal av jubileumsvideoen, CD-ar og munnharper. Oddrun Hegge hadde service-torg der folk kunne få utført enkle reparasjonar og kjøpt manglande tilbehør.

Helga var fylt med kurs og konsertar og deltakinga var god, det var utøvarar i alle alderar og mange nasjonaliteter. Det heile starta fredagskvelden med registrering av dei framkomte. Etter ein god mæjel-middag var det ein triveleg konsert med Marit og Rolf Karberg og Magne Olav Selland. Deretter var det plateslepp og konsert med Hallgrím Berg, Erik Røine og Brøtugutadn. Laurdag var det kurs, - mange kurs – både for nybyrjarar, vidarekomne, meisterklasse og kurs i samspel på munnharpe og langleik. Det var moro å vandre gjennom nybygget, det let alle stader. Huset synte seg svært godt eigna til dette arrangementet, med sine mange rom og avdelingar.

Helga hadde òg plass for foredrag: Elisabeth Kværne fortalde, synta fram og demonstrerte dansedokker, og Svein Westad hadde med ei russisk dansegeit. Festivalartist Anders Røine viste at han kan spela på mange strenger. Han hadde grubla over korleis ein skulle få betre oppmøking av langleiken (Velkommen etter, sa langleikfolk!) og synta ein ikkje heilt ferdig prototype som kunne brukast elektronisk.

Konsertane måtte berre opplevast, her var det musikalske høgdepunkt til seine kveld. Ikkje minst var dugnadskonserten seint laurdagskvelden eit høgdepunkt. Der fekk vi servert mange instrument og utøvarar vi ikkje hadde høvrt tidlegare: hakkebrett og estisk sekkepipe, fløyte og russisk munnharpetradisjon. Men vi sakna meir lokalt publikum!

Attåt alt dette var det årsmøter i foruma.

**Norsk Langleikforum.** Marit Steinsrud vart vald til ny leiar og det vart vedteke ein handlingsplan som m.a. omfattar CD-utgjevingar.

**Norsk Munnharpeforum.** Attval på heile styret, og Bent Åserud held fram som leiar. I følgje handlingsplanen skal dei ha årlig festival om hausten, smiekurs om våren. Festivalen neste år blir på Ål, smiekurset på Gjøvik. Ellers har dei eige Fjesbok-gruppe og oppdatert heimeside. Berre sjå på <http://www/munnharpa.no>!

**NB: Helga 4. – 6. november er det nordisk harperreff på Gjøvik!** Set av helga til fleire gode musikkoplevingar!

## Vestre Slidre

Springarkurs/springarøving i høve kulturveka i V. Slidre, onsdag 20.oktober kl. 19.00 på Grendekåteen. For nybyrjarar og røynde. Loddosal.

Danseøvingar onsdagane 3.11. og 17.11. på Grendekåteen kl. 19.30.

Raktifestivalkulturkveld på Kramshall 27.11. kl. 19.00.

Me markerar at det er 100 år sidan Ola Bø og Harald Fylken vart fødde. Helge Myrheim og Anders Røine spelar og fortel. Tom Kjetil Trøstad med gruppe spelar til runddans.

## Valdreskvelven.

Helsing Randi

Felegrupa har hatt øving i helle sumar, ikkje alltid annakvar veke, men øfto har det klaffa.

Laura er ein god og trufast motor, men ho og treng slingsringsmann mht. øvingskveld. Siste var 30. sept, neste skal vera 13.okt.

All ære til Vestre Slidre, dei stiller her hjå oss og gjer det helle til ; ei felegrupe.

I toradergruppa er det stillare før tida, hausten med alt som skal gjera, deriblant eigjakt - i tillegg so ventar me ein ny toraderspelar snart, ja, ja, Monica og Tom Kjetil altså, men det er mø alle so venta. Helsing frå toradergruppa er difør slik: me skal koma om inkle so brått. Smått um send ska dei som har anledning starte upp, so klem resten ette kort.

Runddansen er difør ikkje i gang, men springar og bonde kan mø danse på øvingo samen med Vestre Slidre, akkurat so før.

## Begnalljom

**Langleiken** skal løftast fram att i Sør-Aurdal utover vinteren. Det blir kurs frå 13. okt. og fram mot julemånaden, og ny frisk att på etterjuls vinteren. Kurset blir individuelt tilpassa deltakaren, så her er alle aldrar og nivå velkomne til å melde seg på, med eller utan instrument.

Artig vore det om resultatet kunne vise på Valdreskappleiken til våren, arrangert nettopp. - i SørAurdal...

Ta kontakt med Tor Morten Røhr, tlf. 913 34 985, for påmelding og fleire opplysningar.

Begnalljom ønsker altså vel møtt til Valdreskappleik til våren. Vi startar planlegginga nett no med dei fleste nemndleiarane på plass, men elles er lite klart. Endeleg dato er heller ikkje klar, men det blir kanskje tidleg i april.

Feleøvingar framover er på Sør-Aurdal ungdomsskole 8. og 22. oktober, 5. og 19. november og 3. desember. Vel møtt!

## Vårfaumen

Når det trengs, har laget både spelemannslag, langleikgrupe og dansesyрке, men i haust er det inga jamnlege øvingar. Laget tek konsekvensen av at det er stor aktivitet i FolkemusikkValdres i haust og oppmodar medlemmene om å delta aktivt i eksisterande tilbod. Vårfaumen sine bidrag til å berike mangfaldet er:

**Konsert med unge utøvarar** og medarrangør for **Yngretreffet**. Sjå egne omtaler.

ARBEIDSLLEDIG OG LITTE Å GJERA?  
KJØP JUBILEUMS-DYDEN OG FÅ  
MYKJE INSPIRASJON!  
[post@hime.no](mailto:post@hime.no)

LIKAR DU Å VERA TIDLEG UTE MED JOLEGÅVENE?  
KJØP JUBILEUMS-DYDEN TIL HEILE SLEKTA!!!  
[post@hime.no](mailto:post@hime.no)

# AKTIVITETAR I LOKALLAGA:

## Øystre Slidre Spel- og dansarlag

### Fredagsdans:

Det er fredagsdans i Spelemannsstoga på Herangtunet fredag 5. november kl. 20.00. Fredag 3. desember har me fridagsdans med servering av raktfiskskauser. Då startar me med ein minikonsert med elevar i kulturskulen kl 19.30

### Poliskurs:

Oppstart mandag 25. oktober kl 19.00 i spelemannstoga på Herangtunet, deretter dei tre neste måndagane. Instruktør er Kristian Vold, Elin Sæteren speler. Kursavgift kr 200,-. Påmelding innan fredag 22. oktober, til Marit Hansegård, tlf. 48038424 eller på e-post: [magneolavselland@hotmail.com](mailto:magneolavselland@hotmail.com).

### Nyttårstest:

Øystre Slidre spel- og dansarlag har lange tradisjonar med å arrangere fest på låven på Herangtunet nyttårstest. Dette ynskjer me å få til i år også. Då treng me folk som kan vera med og ordne praktiske ting som pynting, fyring, opprydding o.s.b. Ta kontakt med Magne Olav Selland, tlf. 93419294 eller på e-post: [magneolavselland@hotmail.com](mailto:magneolavselland@hotmail.com).

### Låt o leven:

lauddag 6. november og laurdag 4. desember kl. 11.00-13.00. Oppmøte i gymsalen på Øystre Slidre ungdomsskule. Instruksjon i langeleik, fele, torader, sang og dans, med hovudsak unge lærarar. Fruktpause. Elevar uttenom Øystre Slidre er også hjarteleg velkomne.

## Valdreslaget i Oslo

Valdreslaget i Oslo har delatt, som vanlig, på Landskappleiken. Guro Kyvifte Neshheim spilte for oss på lagdansen, og laget's resultat er var sånn midt på treet.

På Jørn Hilme-stemnet gikk vi denne gang helt til topps og vant lagdansen! Seieren ble feiret på første øving 6. September med kurv og flott spel av Erland Jopllassen.

Lørdag 13. november går Oslokappleiken av stabelen. Oslokappleiken arrangeres av Laget for folkemusikk som ble etablert i 1903 og er hovedstadens egen interesseorganisasjon for norsk folkemusikk. Lff er tilknyttet FolkOrg. Kappleiken starter fredag kveld med konsert med Pernille Frøholm og Irene Tillung. Lørdag blir det Sjøkiadekappleik for de unge, vanlig kappleik og dans om kvelden. Påmelding til Iselin Elkås, tlf. 41 21 26 36. Se ellers [www.lagetforfolkemusikk.org](http://www.lagetforfolkemusikk.org). Vi håper å treffe Valdreser på Oslo-tur i Nordahl Brunsgate 22.

Resten av høsten er programmet slik:

- 4. okt, 18. okt, 1. nov, 15.nov, 29. nov, og 13. des. Springarøving
- 30. - 31. okt. Kurs i Valdrespringar. Brit B. Tolland, Arne Bäckmark, Erlend Jopllassen speler
- 13/11 Vennelaget Valdresen arrangerer raktfisksfest i Samfunnshuset, Røa, Oslo
- 13/11 Oslokappleiken
- 12/11 Førjulstur til Buvollan

## Etablere konsertscene?

## SEMINAR om etablering og drift av konsertscener

*Valdres folkemuseum 22.-23. oktober 2010*

### Fredag 22. oktober:

17.30 - 18.30: Registrering, mat

18.30 - 18.45: Velkommen ved Ole Aastad Bråten og Bente Hemsing (Austnorsk Folkemusikkcenter)

18.45 - 19.15: **Eirik Høyne Rogn** (Austnorsk folkemusikkcenter)

Tema: "Lokal forankring, identitetsbygging og frivillig arbeid".

20.00: Konsert med **Karl Seglem trio**

Sosialt samvær

### Laurdag 23. oktober:

09.00 - 09.45: Innleiing ved **Gabriel Fifilet** (Colombi Egg i Bergen)

Tema: "Vi skal elske vår klubb og vårt publikum".

10.00 - 10.20: Innleiing ved **Knut Linstad** (Hadeland jazzforum)

Tema: "Suksessfaktorar for ei levande scene".

10.20 - 11.15: **Paneldebatt med Gabriel Fifilet, Knut Linstad og stortingsrepresentant Olemic Thommessen.**

11.25 - 12.00: Intervju og samtale mellom **Karl Seglem og Camilla Granlien**

Intervjuar: **Frode Sannum** (Østnorsk jazzsenter)

Tema: "Å vera artist på distriktscener – glieder, utfordringar og forventningar".

Spørsmål frå salen.

12.00 - 12.45: LUNSI

12.45: **Musikalisk innslag ved Gabriel Fifilet**

13.00 - 13.30: Innleiing ved **Trond Bjørknes** (Norsk Kulturråd)

Tema: "Frd idé til suksess".

Diskusjon. Ordstyrar: **Olemic Thommessen.**

14.15 -14.45: Informasjon om Musikikutstyrsordninga ved **Kari Grete Jacobsen** (Østnorsk jazzsenter/Musikutstyrsordninga)  
Spørsmål. Ordstyrar: **Olemic Thommessen.**

15.00 - 15.15: Oppsummering

*Påmelding innan 25.09.10 til Bente Hemsing, [bhemsing@online.no](mailto:bhemsing@online.no) tlf 971 52 445.*

*(Gratis seminar, mat kr 225,- (kontant ved oppmøte), kvar deltakar ordnar overnatting sjølv)*



VALDRES

Seminarer er støtta av Valdres Natur- og kulturpark og Oppland fylkeskommune



OPPLAND  
fylkeskommune

## PRIMSTAVEN:

12. okt. Møte i Austmorsk folkemusikksenter «Er det interesse for å etablere ei lokal sjangerovergripande konsertscene i Valdres?»
13. okt. Oppstart langedlekkurs i Sør-Aurdal.
16. okt. Konsert med Jan Beitoaugen Granli, nybygget, museet, i høve «helgesamling» i Rff- sitt tradisjonsdans-studie. (apropos leiarrens muntrre hjørne).
20. okt. Springarkurs/øving, Vestre Slidre
- 22.-23. okt. Seminar, Austmorsk Folkemusikksenter - om etablering og drift av konsertscener i Bygde-Noreg. Sjå bladet Folkemusikk.
- Konserten med Karl Seglem trio er kl 20.00 i Festsalen på museet
23. okt. Yngretreff på Øsus.
25. okt. Polskurs, oppstart, Herangtunet
29. okt. Konsert heitdrar 5 hundreåringar
30. - 31. okt. Kurs i Valdresspringar, Oslo
5. nov. Fredagsdans på Herangtunet, Øystre Slidre
6. nov. Lått o“ Leven, Øsus.
13. nov. Triller-konsert med dans etterpå.
13. nov. Rakafiskfest i Samfunnshuset, Røa, Oslo
13. nov. Oslokappleiken
18. nov. Konsert med unge utøvarar i Nord-Aurdal.
27. nov. Rakfiskfest/kulturkveld, Kvamshall, Vestre Slidre
3. des. Fredagsdans på Herangtunet, Øystre Slidre.
4. des. Lått o“ Leven, Øystre Slidre
12. des. Førgjulstur til Buvollen, Valdreslaget, Oslo
31. des. Nyttårsfest på Herangtunet (Ø.S.)

I tillegg kjem danseøvingar som de kan lesa om innanfor presentasjonen av kvart lokallag.

## I VALDRESTAKT

### 1990-talets Lea de?

#### eller kanskje var det eit svar på 70/80-talets Fjellfolket?

I alle fall er det sikkert at I Valdrestakt sto for noko verdifullt for 90-tals ungdommen. Meir enn 100 ungdommar var innom, lærde seg dansen, vart glade i musikken, - og er i dag foreldre åt neste generasjon halvstore, håpefulle folkemusikkdigande hattesparkarar. Artig er det å koma i lag att, minne no 15-20 år seinare, slik som I Valdrestakt gjorde på Herangtunet 2. oktober. Ca 20 pers var samla, såg på bilete, mintes innsatsen og bløminga i OL-tider, utanlandsferder. Ingar Ranheim heldt ei lita tale der han såg I Valdrestakt i perspektiv, opplevingar som fekk større verdi i ettertid enn ein førestilte seg då gruppa naturleg løyste seg opp. Valkyrien Alstars hadde lagt spelehelga si til Valdres, og med Helge Myrheim, Ola Hilmen sin trio og unge Jørgen Kvern i samspel fekk deltakarane ikkje berre musikkaisk samspel, men flott bilete på verdien av generasjons-samspel.

## AMBISJONAR OG SPØRSMÅL VEDR. FRAMTIDA FOR LEA

DE..

Eit vellykka prosjekt i serien Bygda dansar er no vel i hamn i Oppland. Men ungdommane lear seg heldigvis framleis og har inderleg lyst til å halde fram og trefast i ei eller anna form heretter òg.. Eit godt utgangspunkt attåt ivrige ungdommar, er villige leitarar og villig Vff til å hjelpe med rammane, både økonomiske og praktiske, og helst syrgje for å seta i sving sjølvstyring i ei eller anna form.

Saka står høgt på prioriteringslista blant saker i Vff-styret og innan neste Lått o“ Link vil me håpe undomane bjuktar-, skrikkar og lear seg i dansen slik ungdom skal. «- dæ er inga fare for den som dæinse..»

## VIKTIG MELDING TIL SPEL- OG DANSARLAGA:

-«Ja, de peinga, ja, de peinga...»;

- **Momskompensasjon!** Meirverdikompensasjon for frivillige lag og organisasjonar – ei auke i Statsbudsjettet på 200 millionar. Del laga som er registrert i frivillighetsregisteret kan her søkje om å få att momsen på varer og tenester. Dette betyr mykje for frivillighetia i organisasjonslivet, -som folkemusikken og andre ideelle lag er bygt opp rundt.

- **Arrangørstøtteordninga.** Tilskott til arrangørar under Norsk kulturråd er styrka med 5 millionar kroner i 2011, der 3 millionar kroner er om disponert frå Rlkskonsertane (den offentlige konsertverksenda). Arrangørstøtteordninga er ei ordning der lokale folkemusikkarrangement kan søke støtte. Totalt: 17 millionar kroner.

- **Strunkeveko inn på Statsbudsjettet.**

No er Strunkeveko der, - inne på Statsbudsjettet! Gratulerer med posisjonen, - og kr. 50 000!!

KJØP 3!  
BETAL FOR 3!  
-EIT UNIKT TILBOD FRÅ  
JØRN HILME!  
post@hilme.no